



Tilleggsinnkalling Formannskapet

Møtedato: 22.08.2019
Møtested: Austrheim kommunehus, møterommet Børilden
Møtetid: 09:00 - 15:00

Økonomirapport

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
001/19	Statusrapport for prosjektet Strategisk eideomsforvaltning

Austrheim 21. august 2019

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/19	Formannskapet	OS	22.08.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FE-000	19/487

Statusrapport for prosjektet Strategisk eigedomsforvaltning

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek prosjektrapporten for strategisk eigedomsforvaltning til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Bakgrunnen for prosjektet er at Austrheim kommune i dag har ei rekke eigedommar, både bebygde og ubebygde, som i større eller mindre grad tener dei oppgåvene kommunen skal utføre. Eigedommane strekker seg frå kommunale vegar og friluftsområde til store næringseigedommar og bygg for ei rekke tenester.

Totalt eig Austrheim kommune om lag 2063 dekar fordelt på 101 eigedommar der 39 av dei er bebygd.

Vurdering

Prosjektrapporten tek for seg alle kommunale eigedommar og det er i prosjektet gjort ei konkret vurdering av kvar eigedom. I tillegg er det lista opp både eigedommar me leiger ut og eigedommar me leiger av andre. Med bakgrunn i dei vurderingar som er gjort kjem prosjektrapporten med ei anbefaling på kva eigedommar ein bør behalde og kva eigedommar ein kan vurdere for sal.

Prosjektrapporten er tenkt som eit arbeidsdokument for vidare arbeid med sal av eigedommar samt lokalisering av tenester. Det vil for mange eigedommar krevje vidare avklaringar før ein kan gå vidare med sal av eigedommane, men prosjektrapporten må sjåast på som eit strategidokument som legg grunnlag for vidare arbeid med ei strategisk eigedomsforvaltning i Austrheim kommune.

Totalt kjem ein med ei anbefaling om at 8 bebygde og 17 ubebygde eigedommar bør vurderast for sal.

Det vert å vise til prosjektrapporten for utfyllande opplysningar om arbeidet som er gjort samt grunnlaget for dei anbefalingar som er gjort.